



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Fråsegn - forslag til endring av matloven

Vi viser til høringsbrev og høringsnotat, begge datert 27.06.2014.

Fylkesmannen i Rogaland støttar forslaget om å fjerne den lovmessige bindinga av den interne organiseringa av Mattilsynet, då vi ikkje finn gode grunnar for at organiseringa skal vere lovbestemt i ein av lovane som etaten skal følgje opp. Lovendringa vil såleis opne for at Mattilsynet kan gjennomføre ønska endring i si interne organisering frå noverande tre-nivåmodell til ein to-nivåmodell.

Høringsnotatet omtaler kort bakgrunnen for den planlagde organisatoriske endringa av Mattilsynet, eit resultat av etaten sine strategiske satsingar fram mot 2020.

Fylkesmannen i Rogaland samhandlar med Mattilsynet på fleire oppgåvefelt. Vi er derfor opptatt av at Mattilsynet er til stades og lett tilgjengeleg i fylket vårt. Rogaland er eit stort og viktig matfylke med omfattande produksjon både innan jordbruk og havbruk, og Mattilsynet er ein viktig aktør med oppgåver knytt til m.a. mattryggleik og dyrevelferd. Vi legg derfor til grunn at den føreslegne organisatoriske endringa ikkje vil gjere Mattilsynet mindre tilgjengeleg i fylket.

Fylkesmannen i Rogaland legg stor vekt på god samhandling mellom ulike statlege, regionale og lokale aktørar i løysinga av ulike samfunnsoppdrag. Ulik regional organisering av statlege organ er ei utfordring for effektiv samhandling. I arbeidet med å effektivisere offentleg sektor, vil vi derfor be om at det blir gjennomført ei betre harmonisering av organisering og regional struktur for statsetatane.

Vi har ikkje merknader til dei andre foreslåtte endringane i matloven.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Hadle Nevøy

Saksbehandlar telefon: 51568950

E-post: [fmrohne@fylkesmannen.no](mailto:fmrohne@fylkesmannen.no)